

Informasjon om fagval til vg1 studiespesialisering:

Nå nærmar det seg nokre viktige val du skal gjere for deg sjølve til neste skuleår. For det første må du finne ut kva linje du vil gå på til neste år. Du har to val:

- Realfag
- Språk, samfunnsfag og økonomi (SSØ)

Begge linjene vil gje deg generell studiekompetanse, som gjer at du kan gå vidare på høgskule og universitet.

Nokre studium har krav om bestemte fag for å kunne gå på desse. Det er særleg realfagslinjer dette gjeld, t.d. ingeniør, medisin, tannlege, veterinær, farmasi osv. Me snakkar då om spesiell studiekompetanse. Du må sjekke om den linja du vil studere ved har krav om spesiell studiekompetanse før du gjer valet ditt om kva fag du vil ha neste år og i vg3. Dette kan du gjere på www.utdanning.no for utdanningar i Noreg, og på www.ansa.no for utdanningar utanlands.

Fordjuping i framandspråk i vg3 (nivå 3) og alle realfag gir tilleggspoeng på vitnemålet ditt. Du kan maksimalt få 4 tilleggspoeng.

Kva skal du velje?

Du skal velje eitt matematikkfag (2P, R1 eller S1), og du skal velje tre programfag utanom matematikk. Tre av faga du vel i vg2 må vere innanfor ditt programområde. Matematikk R og S er programfag på begge linjene. Ta kontakt om du har spørsmål om «fagpakkar»

I vg3 skal du velje tre fag, og to av desse må vere innanfor ditt programområde (realfag eller SSØ) og bygge vidare på fag du har hatt i vg2. Det er lurt å velje fag du liker og veit du vil trivst med.

Realfag på Bryne vgs:

- Matematikk R eller S 1+2
- Biologi 1+2
- Kjemi 1+2
- Fysikk 1+2
- Geofag 1+2
- Informasjonsteknologi 1+2
- Teknologi og forskingslære

Språk, samfunnsfag og økonomi på Bryne vgs:

- Matematikk R eller S 1+2

- Sosiologi og sosialantropologi/ sosialkunnskap/politikk og menneskerettar
- Rettslære 1+2
- Økonomistyring 1+2 (heiter Økonomi og leiing i vg3)
- Marknadsføring og leiing 1+2
- Samfunnsøkonomi 1+2
- Reiseliv og språk 1+2
- Engelsk 1+2
- Medie- og informasjonskunnskap 1+2
- Psykologi 1+2
- Framandspråk nivå 3

Kan du velje heilt fritt?

Det enkle svaret er nei, for fleire av desse faga blir undervist samtidig. Dei fleste vil likevel få den fagkombinasjonen dei ønsker. Her på skulen har me lagt faga i «blokker», og kvar elev kan velje eitt fag i kvar blokk. Blokkskjemaet blir laga ut frå kva ønske elevane kvart år har, men ser ofte ganske likt ut frå år til år.

Blokkskjemaet/fagvalsskjemaet:

For skuleåret 2022/2023 ser utkast til blokkskjemaet slik ut:

Vg 2	C-blokk	R1	S1	2P		R1	S1	2P					
Vg2	D-blokk	Biologi 1	Kjemi 1	IT1		Reiseliv og spr	Rettslære 1	Øk.styring	Psykologi 1				
Vg2	E-blokk	Kjemi 1	Fysikk 1	ToF 1		Psykologi 1	Sos. og sos.a.	Samf.øk. 1	Øk.styring	Engelsk 1			
Vg2	F-blokk	Fysikk 1	Biologi 1	Geofag 1		Sos. og sos.a.	Engelsk 1	Mark. og led. 1	Medier og inf. 1		Breddeidr.	Toppidr.	Friluftsliv
Vg3	B-blokk	R2	S2	Kjemi 2		Mark. og led. 2	Pol. og menn.	R2	S2		Nettskole: tysk 3/spansk 3/fransk 3		
Vg3	D-blokk	Fysikk 2	S2			Psykologi 2	Samf.øk.2	S2			Privatisteksamen	språk nivå 3	
Vg3	E-blokk	Biologi 2	IT2			Sos.kunnsk.	Rettslære 2						
Vg3	F-blokk	Kjemi 2	Geofag 1			Øk. og ledelse	Psykologi 2	Engelsk 2		TY+H	Breddeidr.	Toppidr.	Friluftsliv
Blokk D, E og F ligger parallelt for Vg2 og Vg3. Det betyr at elever på Vg3 kan velge fag fra Vg2 i tillegg til de to fagene de må ha over to år.													

Faga i kvar linje/blokk blir undervist samtidig. Ein kan derfor berre velje eitt av desse faga. Mange fag ligg i fleire blokker for å gje elevane størst mogleg valfridom.

Elevane kan og velje idrettsfag dersom dei oppfyller kravet om tre fag innanfor sitt programområde i vg2, og to fag i vg3. Det må sjølvst og passe i blokkskjemaet. Faga i kvar linje/blokk blir undervist samtidig. Ein kan derfor berre velje eitt av desse faga. Mange fag ligg i fleire blokker for å gje elevane størst mogleg valfridom.

Nytt frå skuleåret 2021/2022 er at matematikk R og S gjeld som programfag i begge blokkene, og dermed kan telje som eitt av dei tre faga innanfor eige programområde.